

BACHELOROPPGÅVE

Korleis kan Inn på tunet bidra til meistring hos ungdom som står i fare for å droppe ut av vidaregåande skule?

av

Kandidatnummer 212 Gry Hauge Ulltang



ustrasjonsfoto: G. Ulltang.

Bachelorstudium Barnevern
BVP5-303

Mars 2011

Innhald

1.0 Innleiing	3
1.1 Tema og problemstilling.....	3
1.2 Oppbygging av oppgåva.....	4
2.0 Metode	5
2.1 Val av metode.....	5
2.2.0 Framgangsmåte.....	5
2.2.1 Førebuing og intervjuguide.....	6
2.2.2 Intervjuet.....	6
2.3 Presentasjon av informanten og hans verksemd.....	7
2.4 Viktig litteratur for studien.....	7
3.0 Teoretisk grunnlag	9
3.1 Meistring.....	9
3.2 Kva er inn på tunet.....	11
3.3 Fråfall i vidaregåande skule.....	12
4.0 Analyse	14
4.1.0 Tolking av informanten sitt syn på meistring i Inn på tunet.....	14
4.1.1 Meistring.....	14
4.1.2 Tryggleik, trivsel og tilhøyre.....	15
4.1.3 Samvær med dyr.....	17
4.1.4 Mangfald av aktivitetar.....	18
4.2.0 Meistring på tunet.....	20
4.2.1 Varierte tilbod.....	21
4.2.2 Effekten av samvær med dyr.....	22
5.0 Avslutning	25
Litteratur	26
Vedlegg	Feil! Bokmerke er ikke definert.

1.0 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Temaet i denne oppgåva er Inn på tunet, også kjent som Grøn omsorg. Inn på tunet er tilrettelagde tilbud for enkeltpersonar eller grupper på gard, der brukaren kjem til garden og tek del i ulike oppgåver saman med bonden. Tiltaket byggjer på garden og gardbrukarens ressursar. Gardsbrukaren, også nemnt som *tilbydar*, har ein sentral rolle i tilbudet anten som leiar eller i ei assistentrolle. Inn på tunet kan vere tilbud knytt opp mot skule og barnehage, fritid og avlastning, eller aktivitetar og arbeidstrening gjennom helse og sosialsektoren.

Det er framleis ikkje nok dokumentert forskning på effekten av Inn på tunet, ettersom det er vanskelig å måle konkret i same grad som til dømes effekten av medisin. Det er vanskeleg å setje tal på verdien det gjer. Eg vil tru at dei ikkje-vitskapelege gode historiene og dei positive erfaringane som drivarane av Inn på tunet har gjennom verksemda si kan ha verdi.

Informanten i min studie fortel korleis dei ser at brukarane utviklar seg og korleis dei tek den ansvarskjensla dei opparbeidar seg over tid med seg vidare.

Eit hovudtema i oppgåva vil omhandle ungdom på vidaregåande skule, som av ein eller annan grunn har blitt "taparar" på skulen, og derfor kanskje treng å oppleve å få til noko på ein annan arena, i staden for å berre møte motgang på skulen. Ettersom eg har merksemd på dei som kanskje ikkje opplever å få til noko på skulen, og kanskje har lite tru på seg sjølv, blir truleg dei små tinga og dei små framstega veldig viktig. Eg vil undersøkje kva ein tilbydar meiner om ungdom som nyttar seg av Inn på tunet. Kan elevane oppleve å klare noko, og sjå eit praktisk resultat av noko dei har gjort? Vidare vil eg studere om samvær og nærleik med dyr kan vere positivt for ungdomen si sjølvkjensle og meistring. Eg vil med andre ord analysere kva ein tilbydar meiner i lys av eit meistingsperspektiv.

Eit tema som er relevant for tida er det store fråfallet eller "dropout" frå vidaregåande skule.

Regjeringa set i gang tiltak for å betre gjennomføringa av vidaregåande opplæring

(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/videregaende-opplaring/nyheter-videregaende---redaksjonelle-art/ny-giv-tiltak-for-bedre-gjennomforing-i-.html?id=612780>).

Eg vil i denne oppgåva sjå på korleis Inn på tunet kan fungere som eit slik tiltak. Eg er oppteken av kor viktig det er å gje dei som av ein eller anna grunn slit på skulen eit alternativt tilbud slik at dei kan oppleve at dei får til noko.

Problemstilling og presiseringar:

Korleis kan Inn på tunet bidra til meistring hos ungdom som står i fare for å droppe ut av vidaregåande skule?

Eg vel å nytte *Inn på tunet* i denne oppgåva ettersom det er det offisielle samleomgrepet. *Meistring* har fleire tydingar og omfattar både det å takle ein stressituasjon og det å klare noko, ha ein ferdigheit eller kompetanse. Eg knyter i denne oppgåva hovudsakeleg meistring til kompetanse, sjølvkjensle og eigenverd. I teorikapittelet kjem eg nærare inn på teoriar kring meistring.

Eg valte *ungdom som står i fare for å droppe ut*, fordi eg vil sjå på om meistring gjennom Inn på tunet kan bidra til å styrke motet til å halde fram på skulen. Med ”står i fare” meiner eg ungdom som har høgt fråvær og/eller slit veldig i eit eller fleire fag og derfor er lite motivert til å halde fram skulegangen.

1.2 Oppbygging av oppgåva

I metodekapittelet vil eg skildre korleis eg har gått fram for å skrive oppgåva, gje ein presentasjon av informanten, og val av litteratur. I kapittel 3 – teorikapittelet - vil eg skildre kva Inn på tunet er, komme inn på problemet med fråfall i vidaregåande skule, og noko teori om meistring. I kapittel 4 – drøftingskapittelet – vil eg tolke informantutsegn og diskutere Inn på tunet, og korleis det blir lagt opp til at brukarane skal oppleve å mestre. Til slutt kjem ei avslutning som er oppsummeringen av oppgåva.

2.0 Metode

2.1 Val av metode

Metode er reiskapen vår i møte med noko vi vil undersøke, og hjelp oss å samle inn den informasjonen vi treng til undersøkinga vår (Dalland, 2007). Dalland siterar Vilhelm Aubert (1985) som seier at:

En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder (Dalland,2007 s.81).

Oppgåva mi bygger mellom anna på eit kvalitativt intervju med ein tilbydar, det vil sei ein som driv eit Inn på tunet tiltak. Etter å ha søkt etter litteratur har eg funne ut at det ikkje finns nok forskning til å gjennomføre eit reint litteraturstudie. Ved å velje eit kvalitativt intervju kan eg få fram noko kunnskap om kva Inn på tunet kan vere for brukarar ut frå informanten min sitt perspektiv. Kvalitativt intervju er ein open metode, der den som undersøker prøvar å leggje minst mogleg føringar på informasjonen som samlast inn (Jacobsen, 2003). Formålet er å få tak i intervjupersonens eiga skildring, og tar sikte på å fram nyanserte skildringar (Dalland, 2007). Målet er å forstå innhaldet og meininga i det som vert sagt, både i form av å tolke det som seiast, men like viktig er det å tolke måten det seiast på, stemmebruk, mimikk og andre kroppsuttrykk (Ibid.). Eg skal forsøke å tolke min informant si meining. Intervjuet mitt er eit skildrande intervju. Skildrande intervju forsøker i følgje Dalland (2007) å innhente opne og nyanserte skildringar av ulike sider ved intervjupersonens livsverden, eller i dette tilfelle, ulike sider av Inn på tunet. Informanten min driv med Inn på tunet, og er derfor ei primærkilde på sitt område (Ibid).

2.2.0 Framgangsmåte

Her kjem ei skildring av framgangsmåten eg nytta i arbeidet med oppgåva. Eg vil skildre korleis eg førebudde meg, gje ei kort skildring av informanten, og nemne viktig litteratur for oppgåva.

2.2.1 Førebuing og intervjuguide

For å få betre innsikt i temaet ynskte eg å intervju ein som driv med Inn på tunet. Inn på tunets heimesider viser oversikt over tilbod i Noreg, og på den lista fann eg informanten min. Grunnen til at eg valde den informanten eg valde, var at han hadde tilbod innan kategorien eg var ute etter, var i rimeleg avstand og hadde oppgitt kontaktinformasjon. Eg tok kontakt via e-post fordi eg ville la informanten få tid til å tenke seg om. Dersom vedkommande ikkje ynskjer å delta, er det kanskje lettare å takke nei skriftleg enn munnleg. Ein kan då også velje å ikkje svare. Den ein skal intervju skal ikkje føle noko press, og ved å sikre det sikrar ein og at intervjupersonen verkeleg ynskjer å delta (Dalland, 2007). I førespurnaden min informerte eg om meg sjølv, oppgåva, tema og foreløpig problemstilling. Eg sendte ut førespurnad til to andre også, men hjå dei fekk eg aldri noko svar (Ibid.).

Eg laga på førehand ein intervjuguide. Det var ei liste med stikkord over ting eg ville kome inn på som eg meinte var viktig, men med opne spørsmål med moglegheit for å la informanten fortelje. Det viste seg at eg fekk lita nytte av intervjuguiden då eg var der fordi informanten kom inn på det meste av seg sjølv. Nye spørsmål vart til under intervjuet som naturlege oppfølgingsspørsmål.

2.2.2 Intervjuet

Eg gjorde ei avtale med informanten, og vi gjennomførte intervjuet på garden. Eg fekk i tillegg ei omvisning på garden etter intervjuet. Denne omvisninga kan ha tyding for tolkinga og drøftinga. I min studie har eg berre ein informant og det har sine vitenskaplege svakheiter. Informanten min har sitt tilbod og gjer ting på sin måte. Det er ikkje dermed sagt at andre gjer det på same måte, det vil variere frå gard til gard. Informanten sine utsegn blir likevel eit eksempel på korleis Inn på tunet kan vere. Det er truleg like mange innfallsvinklar til Inn på tunet som det er tilbydarar.

I ei kvalitativ undersøking med intervju burde eg sjølv sagt hatt fleire informantar for å skape ny og truverdig kunnskap (Dalland, 2007). Grunnen til at eg valde å ta berre eit intervju var utifrå dei ressursar som var tilgjengeleg. Med ressursar meiner eg tid og økonomi til å reise til ulike tilbydarar. Også mangel på respons var ein faktor i valet. Sjølv om eg berre hadde eit intervju fekk eg trening i å forberede, gjennomføre og etterarbeide eit intervju.

Det er nok viktig å hugse på at eit slikt intervju kan bli styrt av kva informanten sjølv meiner om tilbodet, ein som driv med det vil nok som regel meine at det er bra. Eg var også merksam

på at mine meiningar og interesser ikkje skulle styre oppgåva. Likevel kan ein tenke seg at eg kunne ha fokusert på andre ting eller stilt andre spørsmål og dermed kome fram til andre ting. Informanten deltok frivillig på intervjuet og var informert om kva studien gjekk ut på (Dalland, 2007).

2.3 Presentasjon av informanten og hans verksemd

Informanten har drive med Inn på tunet sidan 2003, og har hatt forskjellige brukargrupper. No jobbar han hovudsakeleg med elevar frå vidaregåande skule. Tiltaket er organisert slik at han har tilbod til brukarane 4 dagar i veka.

Eg spurte informanten om kvifor han valde å starte med Inn på tunet. Han svarte at det er svært samansatt. Det er ikkje ein enkeltårsak, men summen av fleire faktorar. Han likar å jobbe med menneskjer. Dersom ein ikkje likar å gjere det, kan ein ikkje drive med Inn på tunet. Han likar utfordringar, og det å kunne bruke dei ressursane han har til å jobbe med menneskjer og til å skape noko. Med ein slik eigedom og slike ressursar er Inn på tunet ein måte å skape meir ut av ressursane du har fortel informanten ivrig. Interessene hans er retta mot arbeid med barn og ungdom. Han fortel at han har eit ønskje om å gje dei elevane som fell utom ein sjanse.

For informanten er det at garden er knytt til eit levande gardsbruk eit kjernepunkt. At det skal vere knytt til ein gard i ei eller anna for drift. Om det er grasproduksjon, korn, mjølk eller kjøttproduksjon er ikkje så viktig, så lenge det er i levande drift. Det har med relasjonane som ligg mellom Inn på tunet, og det ein kan tilby på garden.

Informanten er også opptatt av kvalitetssikring på det ein leverer, og fortel at garden er kvalitetssikra gjennom KSL(kvalitetssikring i landbruket). Det går på at garden har eit eige kvalitetssikringssystem som går på tryggleik og rutinar. Garden er kvalitetssikra i forhold til produksjonen, men også kvalitetssikra i forhold til Inn på tunet.

2.4 Viktig litteratur for studien

I forbindelse med internasjonal workshop ”Farming for Health” i Nederland i 2005 er det gitt ut ein omfattande samling av artiklar som skildrar korleis landbruket vert nytta som arena innan oppvekst, undervisning og omsorg. Eg har nytta kapittel 3 i samlinga ”Effects of

interactions between humans and domesticated animals” av Eddie A.M Bokkers, og kapittel 22 i same samling ”Farming for health across Europe” av Jan Hassink og Majken Van Dijk.

Eg har også nytta ”Helbredets mysterium” av Aron Antonovsky (1987). Antonovsky har utvikla ein eigen teori om meistring, og kan derfor definerast som primærlitteratur (Dalland, 2007). Vidare har eg nytta ”Mestring som mulighet” av Gjerum, Grøholt og Sommerschild (1998). Forfattarane viser blant anna til Antonovsky, og kan derfor definerast som sekundærlitteratur (Dalland, 2007). I tillegg nytta eg ein del om meistring frå ”Praktisk barnevernsarbeid” av Bunkholdt og Sandebæk (2008). Også dette kan definerast som sækunderlitteratur, ettersom dei henviser til andre (Dalland, 2007).

Eg har brukt Inn på tunet sine heimesider www.innpaatumet.no ein del. Eg meiner det er relevant å bruke, ettersom det er ei side om og for Inn på tunet, der mykje informasjon ligg samla. Her fann eg informasjon om kva Inn på tunet er, og også linka til anna informasjon og publikasjonar. Det var gjennom oversikten over publikasjonar at eg fann mange av artiklane eg har brukt. Inn på tunet sin handlingsplan (2007) har også vore nyttig i studien. Eg nytta også litt frå Miljøarbeid i teori og praksis av Terje Halvorsen (2006) om aktivitet og hald av dyr.

For å finne informasjon om fråfall i vidaregåande skule har eg nytta internettsidene til regjeringa, helsedirektoratet og statistisk sentralbyrå.

3.0 Teoretisk grunnlag

I teorikapittelet vil eg presentere teoretiske perspektiv og omgrep om meistring. Eg vil vidare skildre nærare kva Inn på tunet er, for å ha eit grunnlag til drøftingsdelen. Eg kjem også inn på fråfall i vidaregåande skule, og omfanget og problema kring det.

3.1 Meistring

Det er et overordnet mål for arbeid med barn og unge å støtte deres utvikling mot stadig økende kompetanse, slik at de mestrer de utfordringene de vil møte i løpet av oppveksten
(Bunkholdt og Sandbæk, 2008 s.54).

Ordet meistring nyttas på forskjellige måtar og tilleggast forskjellige tydingar. I engelskspråkeleg litteratur vert det ofte skilt mellom ”mastery” som er ein konkret ferdigheit, og ”coping” som i å takle stress eller ein vanskeleg situasjon. I vårt språk er det eit meir uklart skilje mellom det.

Professor i medisinsk sosiologi Aaron Antonovsky var opptatt av å flytte fokuset frå eit sjukdomsperspektiv- altså kva som leda til sjukdom, over på å identifisere det som skapa sunnheit (Bunkholdt og Sandbæk, 2008). Han kalla det salutogenese, som tyder det som fremmar helse. Dette står i motsetnad til patogenese, som tyder årsaka til sjukdom (Antonovsky, 1987).

Antonovsky innførte omgrepet ”oppleving av samanheng” (Antonovsky, 1987). Han seier at sterk oppleving av samanheng har ein når ein skårar høgt på dei tre tilhøyrande komponentane *begripeleg* – korleis ein oppfattar stimuli man konfronterast med som kognitivt forståeleg, *handterbart* – korleis ein oppfattar at det står ressursar til eins rådighet som er tilstrekkeleg til å klare dei krav ein vert stilt over, og *meningsfullt* – at områder i livet gir meining også kjenslemessig, og er verdt å engasjere seg i og glede seg over (Ibid.).

Oppleving av samanheng har vi når vi har oversikt over situasjonen, trur at vi sjølv kan gjere noko med det, og at det gjer meining i å prøve å gjere noko me det. Ein slik oppleving av samanheng oppstår gjennom å gjere erfaringar i livet med at den kompetansen ein har er tilstrekkeleg til å løyse forskjellige oppgåver, og til å møte utfordringar (Bunkholdt og Sandbæk, 2008). Gjentatt positive erfaringar gir det som Antonovsky kallar for generaliserte

motstandsressursar (Ibid.). Det vil sei tru på egne krefter til å klare ulike utfordringar. Meistring avhenger av oppleving av samanheng som ein heilskap (Antonovsky, 1987).

Å vere meistrande tyder ikkje å kunne løyse alle problem eller oppgåver (Bunkholdt og Sandbæk, 2008). Ulike ferdigheiter er viktig for forskjellige personar og aldersgrupper. Det som er viktig å klare når ein er fem år, er kanskje ikkje like viktig når ein er sytten. For nokon er det viktig å vere god i basket, medan andre synest kanskje det er viktig å vere god i golf. Antonovsky (1987) seier at alt i livet treng ikkje opplevast som begripeleg, handterbart og meningsfylt. Det avgjerande er at ein person har nokon livsområde som han opplever som viktig. Ein treng heller ikkje vere best i det ein gjer for å meistre. Det å tåle å mislukkast er ein kompetanse i seg sjølv (Bunkholdt og Sandbæk, 2008).

I utviklingspsykologien følgjer vi kompetanseutvikling langs dei fire store utviklingslinjene; motorisk, intellektuell, kjensle og sosial kompetanse. Når barn vert stimulert til å bruke og opparbeide sin kompetanse får dei meistringsopplevingar som styrkar sjølvbilete (Bunkholdt, 2003).

Sjølvkjensle og kjensle av eigeverd heng tett saman med meistring. Manglande meistring kan føre til lav sjølvoppleving, og lav sjølvoppleving kan igjen føre til redusert meistring (Antonovsky, 1987). Ved å sjå at ein meistrar, eller auka kompetansen, styrkar ein sjølvopplevinga. Det vil igjen føre til aukande meistring. På denne måten vil ein gjennom å skape gode sirklar få ei auke i sjølvopplevinga. Det blir derfor viktig å fokusere på det brukarane får til, i staden for det som er vanskeleg, og på den måten vil dei kunne få ein betre oppleving av seg sjølv. Eigenverd er ein kjensleg reaksjon på opplevd sjølvbilete, og vil bestå av både positive og mindre positive opplevingar (Bunkholdt og Sandbæk, 2008). Personar med overvegande positivt eigneverd stillar sterkt til å tåle motstand. Dei med få meistringserfaringar og lav opplevd kompetanse gir lett opp, og kan ofte møte andre med negative haldningar, som igjen lett utløyser negative reaksjonar og dermed oppfyller dei negative forventningane (Bunkholdt og Sandbæk, 2008).

Oddgeir Friborg ved Universitetet i Tromsø arbeidar med meistring og måling av meistring. Han seier at med meistring meinast det å takle stress eller påkjenningar slik at ein får eit godt utfall trass i eit dårleg utgangspunkt

(<http://www.forskning.no/artikler/2004/september/1094562156.6>). Friborg seier at studie viser så langt at meistring kan knytast til tre faktorar (Ibid.). Den første er knytt til sjølvbilde og sjølvtilitt; om ein har tru på egne ressursar og evner. Det er her min studie passar inn.

Gjennom Inn på tunet kan truleg brukarane få ein sjanse til å bygge opp sjølvtiliten og trua på eiga evne. Den andre faktoren knytast til familieklimaet, og den tredje til det øvrige nettverket. Det å ha mange venar hjelp nødvendigvis ikkje, det er det å ha eit par nære fortrulege venar, der venskapet pregast av at det er jamstilt som vert avgjerande (Ibid.).

Det er viktig å hugse at det er individets eiga vurdering av kompetanse og ferdigheiter som påverkar sjølvbilete. Denne eiga oppfatninga er ikkje alltid samanfallande med den reelle kompetansen (Gjærum, Grøholt og Sommerschild, 1998). Ein dyktig, men sjølvnedvurderande ungdom kan slite med dårleg sjølvkjensle, medan ein gladlynt men kanskje ikkje fullt så dyktig ungdom kan vere nøgd med seg sjølv (Ibid.). Derfor er personens eiga oppfatning viktig ved ”måling” av eigeverd.

I denne oppgåva knyt eg meistring hovudsakeleg til kompetanse, sjølvkjensle og eigenverd. Fokuset blir på at ungdomen som slit på skulen eller på andre områder, skal oppleve at dei har ein kompetanse, føle at dei får til noko, og få auka sjølvkjensla.

3.2 Kva er inn på tunet

Inn på tunet er tilrettelagde tilbud for enkeltpersonar eller grupper på gard, prega av gardens og gardbrukars ressursar, der gardbrukar sjølv deltar anten som leiar eller i ei assistentrolle (<http://www.innpaatumet.no/default.asp?WCI=ViewNews&WCE=2420&DGI=231&Head=1>)

Omgrepet Inn på tunet vart innført i 2001 som ein felleskategori for mangfaldet av tilbud for ulike brukargrupper i samarbeid med ulike etatar (Ibid.). Tittelen bør nyttas med ein undertekst som skildrar kva tilbodet går ut på, slik som arbeidstrening, dagtilbod eller undervisning. Det mest nytta omgrepet var tidlegare ”grøn omsorg” men omsorgsomgrepet var ikkje like egna å bruke på alle tilbod (Ibid.).

Inn på tunet har mange ulike tilbod til ulike brukargrupper. I Inn på tunet sin handlingsplan er det delt inn i følgjande kategoriar:

Inn på tunet oppvekst, eit skule og fritids tilbod tilrettelagt for barn med spesielle behov, funksjonshemming eller åtferdsproblem. Oppvekst er delt inn i underkategoriane *allmennpedagogikk* der garden blir brukt til å tilegne seg kunnskapsmåla i den generelle læreplanen gjennom aktivitetar. *Spesialpedagogikk* som er meir tilrettelagt tilbod for barn og unge med spesielle behov, og *fritid* der tilbod om aktivitetar og opplevingar på garden i ferier

og fritid, og som avlastning. Dei to andre kategoriane er Inn på tunet arbeid og Inn på tunet helse og rehabilitering.

Det er gjennomgåande at i alle land som driv Inn på tunet tiltak i Europa er initiativet tatt av gardbrukarane, og ikkje helsesektoren, i ein slags botn til topp prosess (Hassink og Van Djik, 2006). I 2006 låg Noreg på topp med 550 gardar som dreiv Inn på tunet, Nederland låg på andre plass med 430. Tala har seinare auka og tiltaket er no vanleg i mange land (Ibid). Tiltaket er godt egna i land som Noreg, der gardane er relativt små og mesteparten av drifta føregår manuelt og det er stor variasjon i aktivitetane (Ibid.).

Opplevinga av meistring står sentralt på mange Inn på tunet gardar, og for mange brukarar kan deltaking i ulike aktivitetar på gardsbruk bidra til auka livskvalitet (Inn på tunets handlingsplan).

3.3 Fråfall i vidaregåande skule

Regjeringa lanserte hausten 2010 prosjektet Ny GIV (gjennomføring i vidaregåande skule) som eit tiltak mot det store fråfallet i vidaregåande skule

(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/videregaende-opplaring/nyheter-videregaende---redaksjonelle-art/ny-giv-tiltak-for-bedre-gjennomforing-i-.html?id=612780>). I følge tal frå statistisk sentralbyrå frå 2009 oppnår 56 prosent av elevane i vidaregåande opplæring studie eller yrkeskompetanse på vanleg tid, medan 68 prosent fullfører i løpet av 5 år (henta frå Statistisk sentralbyrå februar 2011).

Tal frå NIFU STEP rapporten "Bortvalg og kompetanse" frå 2008 viser at i yrkesfag får 15,1 yrkeskompetanse, medan 50,7 prosent får studiekompetanse

(<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article2332472.ece>). Desse tala omfattar 9749 ungdomar som gjekk ut av grunnskulen våren 2002 på austlandet, gjennom og ut vidaregåande opplæring fram til hausten 2007. I rapporten seiast det at 15 prosent slutta før dei var ferdig, 19 prosent gjennomførte utan å stå. Forskingsleiar Eifred Markussen i *Norsk Institutt for studier, innovasjon, forskning og utdanning*, seier at norske 16 åringar har så ulike utgangspunkt at mange manglar krava som må til for å oppnå studie eller yrkeskompetanse (Ibid.). Han reknar med at rundt ti prosent i kvart kull ikkje har dei faglege føresetnadane for å bestå vidaregåande opplæring, og meiner at i staden for at dei skal vere taparar i møte med skulen bør dei få tilbod om kompetanse på eit lågare nivå. Meir tilrettelagd undervisning kan

passe for dei som slit med teorifag (Ibid.). Markussen meiner at skulen ikkje klarer å ta ut elevane sitt potensiale, ettersom undersøkinga viser at meir enn halvparten av dei som stryk, stryk i *eit* fag eller manglar karakter i eitt fag grunna høgt fråver (Ibid.). Alle er nær ved å stå, og betre tilpassa opplæring ville kunne føre til at langt fleire vil kunne stå i det eine faget dei manglar, færre ville slutte, og dermed ville talet som oppnår studie eller yrkeskompetanse auka betrakteleg (Ibid.).

I følgje helsedirektoratet viser forskning ein samanheng mellom utdanningsnivå og psykisk helse, dermed kan fråfall i vidaregåande skule vere ein risikofaktor i forhold til å utvikle psykiske problem og lidingar

(http://www.helsedirektoratet.no/psykisk/indikatorer_psykisk/risikofaktorer/2_3_frafall_i_videreg_ende_skole_304514).

Forskarar finn at personar som ikkje har fullført vidaregåande opplæring generelt klarar seg mykje dårlegare på arbeidsmarknaden i tjuetåra enn dei som har fullført

(http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rapporter_planer/rapporter/2010/fracfall-fra-videregaende-opplaring-og-ar.html?id=589824). Redusert fråfall i vidaregåande skule vil derfor kunne antakast å vere med på å bidra til auka velferd.

Det vert sett i verk mange tiltak på alle trinn i prosjektet Ny GIV. Blant anna er utdanningsval eit nytt fag, der elevane får prøve ut deler av det faglege innhaldet i vidaregåande på ungdomsskulen, i arbeidet med å knyte ungdomsskule og vidaregåande tettare saman. Andre tiltak er meir fleksibel opplæring der omdisponering av inntil 25 prosent av timane i enkeltfag kan skje for å tilpasse elevanes behov, og tilskot til fylkeskommunane for å ha tettare oppfølging av elevar som slit med grunnleggjande ferdigheiter

(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/videregaende-opplaring/nyheter-videregaende---redaksjonelle-art/ny-giv-tiltak-for-bedre-gjennomforing-i-.html?id=612780>).

4.0 Analyse

Analysen er todelt. Først vil eg tolke informanten sitt syn på meistring for ungdom gjennom Inn på tunet verksemda. Utsegna til informanten kan vere noko prega av drifta ved hans verksemd, og vert tolka i lys av det. I andre del av analysen vil eg forsøke å drøfte Inn på tunet si verksemd i lys av omgrepet meistring, som er diskutert i teorikapittelet over.

4.1.0 Tolking av informanten sitt syn på meistring i Inn på tunet

Eg fann fire tema i intervjuet som eg vil sjå nærare på. Det er tema som informanten la vekt på og som gav mykje data til drøftinga. Det eine er informantens syn på meistring, det andre er tryggleik, trivsel og tilhøyre, det tredje er mangfaldet av aktivitetar, og det siste er samvær med dyr.

4.1.1 Meistring

For di informanten min er ein viktig del av denne oppgåva vil eg innleie denne delen med å skildre informantens syn på meistring, og kva han legg i omgrepet.

”Meistring må sjåast ut frå kvart einskild individ. Me meistrar alle ut frå våre eigne føresetnader. For meg er meistring at ein person har ei faktisk oppleving av dei små framstega.”

Eg forstår informanten slik at meistring for han handlar om dei små framstega, der ein person opplever og er seg viss på at han meistrar. Det kan vere i forståing av samanhengar eller utføring av oppgåver, altså både teoretisk og praktisk. Eg tolkar det slik at informanten meiner at meistring og opplevinga av meistring er individuelt, men uansett alder, uansett kjønn og kvar man kjem frå, så gir meistring og opplevinga av meistring oss noko å vekse på.

”Det å ha nokon å meistre saman med, å dele meistringsopplevinga med er viktig. Å få skryt for å ha meistra gjer godt!”

Eg oppfattar informanten slik at han meiner at det å ha nokon å dele opplevinga av å meistre saman med er viktig. Slik eg tolkar det, meiner informanten at ein i Inn på tunet samanheng har ein moglegheit til å sjå den enkelte, og gje positiv tilbakemelding til den som meistrar, og konstruktiv rettleiing og tilbakemelding på vegen til meistring.

”I Inn på tunet samanheng har me heile tida moglegheit for å individuelt tilrettelegge for meistring kopla direkte til brukar sitt funksjonsnivå.”

Slik eg ser det her, meiner informanten at ein viktig ting ved Inn på tunet er at dei kan legge til rette for kvar enkelt brukar. Brukarane har ulike behov, og på garden har dei moglegheit til å fange opp kvar enkelt, og hjelpe dei til å meistre etter sine nivå. Måla ein ynskjer å nå vil variere frå brukar til brukar.

”Opplevinga av meistring gjev ringverknader. Me vert tryggare på oss sjølv og omgjevnadane, og på sikt gjev det oss tru på eiga meistringsevne.”

På garden byggjer dei tru på eiga evne. Det kan verke som informanten tykkjer det har vore vellukka å gje elevane eit alternativt tilbod. Dei vert kjend med ei meistringskjensle dei kanskje ikkje kjenner frå før, og i staden for å berre seie nei og at dei ikkje får det til med ein gong, vil dei heller kanskje prøve. Då handlar det om å tru på at ein får det til. Gjennom aktivitetane på garden kan dei sjå at dei greier noko, og dermed forstå at dei kan greie meir.

4.1.2 Tryggleik, trivsel og tilhøyre

Noko som verkar som å vere veldig viktig for informanten min er tryggleik, tillit, trivsel og tilhøyre. Elevane han har er der av forskjellige årsaker. Han har alt ifrå sterke til svake elevar, og mange av dei han jobbar med er litt på sida av aldersgruppa si, og ”taparar” på skulen. Det er ikkje alle som passar fem dagar i veka på ein skrivepult i eit klasserom, og det kan vere like mange grunnar til det, som elevar. Det kan vere dysleksi, åtferdsproblem, medisinske årsaker eller utviklingshemming. Felles for brukarane er at dei treng noko anna enn å berre sitje i ro i eit klasserom. Det første han startar med hos brukarane er tryggleik og trivsel.

”Vist du ikkje er trygg, så kan du ikkje trivast, og vist du ikkje trivs så er det vanskeleg å skape ein arena for meistring. Så da er steg ein her. Å gjere dei trygge”.

Det kan sjåast slik at informanten meiner at tryggleik og trivsel ligg heilt i botn, og at det er det som må til før ein kan fokusere på meistring eller læring. Å bygge relasjonar og skape kontakt med brukaren slik at han vert trygg er ein god plass å starte. Når han har elevar over tid, så byrjar han med å tillit og trivsel, og legg lista slik at han skapar det;

”Du begynna ikkje med meistring og med å strekke den lista, men når du då har tillit og trivsel, so er meistringsoppgåve nr ein ikkje å løyse oppgåva. Meistring er å gjer så godt du kan.”

Etter slik eg tolkar det, vert målet då å finne dei oppgåvene som han veit dei er trygge på og trivs med, og dermed skape meistring gjennom dei.

”Vi driv med enkeltbrukarar for å gi dei ein meningsfylt kvardag og for å nå nokken mål med dei”.

Det kan antakast at han meiner det er viktig å jobbe med enkeltbrukarar slik at kvar enkelt kan få den oppfølginga og tilrettelegginga dei treng og fortener. Når ein driv med enkeltbrukarar er det ofte samtalen det handlar om. Samtalen som verktøy:

”Når du går ein til ein, eller ein til to, så samtala du, du snakka, tulla, fortelje historia, du blir jo som ein storebror for mange brukara. Ein storebror, ein kollega, ein venn, du blir alt anna enn ein lærar, eller, du ekje ein myndigheitsperson”.

På garden arbeidar dei saman, parallelt, at dei gjer det same samtidig, eller sekvensielt, forskjellige oppgåver, men den eine er avhengig av at den andre gjer jobben sin for å kunne gjer jobben sin.

”Når du jobba på den måten skapa du eit felleskap. Du skapa ein arena for meistring. Og så kan vi hjelpe kvarandre.”

Slik eg forstår informanten vert det brukt mykje tid på å gå gjennom oppgåver, og snakke om dei for å skape tryggleik rundt oppgåvene. Ein slepp ikkje eleven til å gjere ein oppgåve aleine før ein veit dei meistrar den. Når ein jobbar parallelt i eksempelvis å gje kyrne fôr, så opparbeida ein seg tryggleik på oppgåvene ilag, og kan sjå når brukaren er trygg på det han gjer. På den måten vert det eit sterkt fellesskap. Det er heilt noko anna enn vist ein elev sit med ei problemstilling på eit ark med læraren over skuldra. For å unngå at elevane skal oppleve ”tap” i forma av at dei ikkje klara ting, vert det brukt mykje tid på tillit og trivsel, og at det er lov å feile.

”Dersom du følgjer instruksane og gjer ditt beste, så klara du det. Vist du følgjer instruksane og gjer ditt beste, men IKKJE klara det, så må vi gå tilbake og sjå kva det er som gjer at du ikkje klara det. Me ska ikkje finne ut ka so ha gått gale for å straffa, men for å kunne lære.”

Eg tolkar det slik at informanten legg opp til at oppgåvene skal forklarast godt og ikkje vere for vanskelege å gjennomføre. Dersom det likevel er noko som vert gjort feil, finn ein ut kva som gjekk gale. Dette er ikkje for at det skal straffast, men for at ein skal vite kva ein kan gjere annleis neste gong. Det vert brukt mykje tid på basisferdigheitar. Tilliten mellom bonden og brukaren gjer at bonden skal kunne spørje brukarane kva som har skjedd, og dei skal kunne svare utan å vere redd for å få kjeft.

Det at det skal vere lov å gjere feil, betyr likevel ikkje at det er rom for slurv og å ikkje gjere sitt beste.

”Vist nokon slurva, og ikkje gjer så godt som du veit dei kan, og du får eit halvdårlig produkt i enden, då får dei høyra det.”

Det kan forståast som at han meiner at det er viktig å vise brukarane at han veit kva dei kan, og at det er visse forventningar til dei. Dersom dei slurvar og han seier dei må gjere det om igjen, så veit dei at det er fordi at han veit dei kan det. Dersom dei blir ”tekne” for slurv, så skal det på ein måte vere ei ”negativ” oppleving, men det skal vere at dei ser sjølv at det ikkje er godt nok. Dei skal vite kvifor det ikkje godt nok, og ikkje minst at dei faktisk kan betre.

4.1.3 Samvær med dyr

På ein gard vil det ofte vere tilgang til forskjellige dyr. Informanten er oppteken av effekten samværet med dyr har, fordi samværet med dyr vil kunne vere med å bidra til utvikling av omsorg og empati.

”Det å oppleve at dyret set pris på ein, er meistring i seg sjølv. Ein kan tørre å ha fysisk kontakt.”

Eg forstår det slik at det å føle kjærleik, nærleik, og at nokon treng deg, er noko alle har behov for, nokon meir enn andre. For nokon kan det likevel vere vanskeleg, av diverse årsaker, dei kan ha opplevd lite nærhet i oppveksten, eller dei kan ha lite omsorgsfullt nettverk, og nokon kan ha opplevd overgrep som gjer det vanskeleg med nærhet til andre menneskjer. Det å ha

fysisk kontakt med eit dyr kan gi nærhet utan å vere like skremmande. Slik eg ser det, er også det at brukarane ser at dyra set pris på dei viktig for informanten. Dersom dyra ikkje vil vere med deg, så går dei ein annan plass. Difor er berre det at dyret vil vere med deg ei meistringsoppleving i seg sjølv. Det styrkar sjølvkjensla som igjen er viktig for meistring. Brukarane lærar å ta ansvar. Dersom dei ikkje gir dyra mat, får dei ingenting, det er deira oppgåve. Plutseleg har dei ansvar for nokre levande vesen. Etter sånn eg tolkar informanten har det ringverknader. Dei ser konsekvensar og resultat av det dei gjer. Det skapar meistring heile vegen.

”Kjæledyr har ein misjon i detta med å gje ei kjensle av meistring. Det å ha eit kjæledyr, det å stelle eit kjæledyr. Men det å stelle eit produksjonsdyr, eit stort dyr, eit dyr som har ein nytteverdi i andre enden, då får du knytingen og mot nytteverdi i ein større samanheng. Det gir ein ekstra dimensjon som dessa brukarane våre verkeleg sette pris på.”

Ein kan tenke seg at informanten meiner at det å meistre å stelle eit produksjonsdyr gir det lille ekstra. Det at ein ikkje berre er til nytte for det dyret for selskapet og stellet sin del, men i form av nytte i ein større samanheng, produksjonsretta. Det å stelle hønene og plukke egg. Kyrne gir mjølk og kjøtt. Det gir eit resultat. Ein kan få endå ein ting å bygge meistring på. Eg oppfattar at informanten meiner det er med på styrke sjølvkjensla, meistringsbilete og tru på eigne evne hos brukarane. Assosiasjonen blir og at ein kan trekke arbeidsomgrepet inn i det.

”Kjæledyr er bra, men produksjonsdyr gir den ekstra dimensjonen at eg ekje berre med kjæledyret, eg er på jobb.”

Det kan truleg vere slik at arbeidsbiten er viktig. At det å jobbe på garden og gjere nytte for seg gjer at brukaren føler at det er behov for seg. Dei er ein ressurs både for bonden og for dyra. Dei lykkast i arbeidet sitt på garden i staden for å kanskje føle seg mislukka i arbeidet på skulen. Arbeidet på garden vil ofte også gje resultat med ein gong. Det vert reint i stallen, egga vert samla inn, dyra får mat og kan ete.

4.1.4 Mangfald av aktivitetar

Eit viktig punkt i Inn på tunet, etter slik eg tolkar det, er det mangfaldet av aktivitetar dei kan tilby.

”Kor mange andre plassar er det som kan gi tilbod av ein så variert art? Du har jorda, dyra, skogen og verkstaden. Dette kan du sy i hop akkurat som du vil, gitt dei behova den enkelte brukar har, for å gi tryggleik, tillit og meistring.”

Eg forstår det som at informanten er opptatt av å ha stor variasjon i tilbodet, og mange bein å stå på. Han har kjæledyr som kan kosast med, og produksjonsdyr som brukarane får stelle. Hestane brukast til både arbeid, kos og ridning. Dei driv med hagebruk og dyrking, skruing og snekring i maskin og treverkstad, motorkjøretøy som ATV og traktor for dei som likar det, og skog og utmark. Der har ein plutselig mange områder å tilby aktivitet på, og kan fange opp mange interesser.

Sjølv om dyr kan vere ein viktig del av tilbodet på garden, betyr ikkje det at ein gard utan dyr ikkje kan ha effekt.

”Veksthuset har ein eventyrleg effekt. Dette å sjå prosessen i frå frøet til blomen ferdig ute. Å få med seg blomster heimatte... Og kunne gi vekk. Det er heilt fantastisk.”

Etter slik eg oppfattar informanten er dyrking av blommar og grønsaker i veksthuset ein sentral del av tilbodet hans. Dei dyrkar erter, tomat, agurk og mais, det er berre fantasien som set grenser. Resultatet vert noko dei kan ta på og ete, og la andre få smake. Dei byrjar med såing inne i veksthuset, og plantar om og set det ut i det fri seinare. På kjøkkenet kan dei lage mat med råvarer som er dyrka sjølv, der dei har vore med på alt heile vegen.

”Det er slik meistring dei veks på, og det er noko dei blir gla i å gjere og har lyst å gjere meir av.”

Noko anna som er viktig for informanten min slik eg oppfatta det, er at tilbodet føregår på ein gard i drift. Når det ein skal gjere er praktisk avstemt med det ein driv med, vil ein ikkje få dei same negative tapsopplevingane som til dømes i ein teoretisk samanheng på skulen.

Produksjonen på garden gjer arbeidet reelt, og er ikkje noko eleven berre må gjere for at dei skal å halde han opptatt.

”Du bruka produksjon for å relatere til det praktiske og til det verkelege.”

Gjennom arbeidet på garden får elevane ansvar for dyra, plantar, og produksjonen.

Ungdomane opplever, slik eg forstår informanten, at dei lærer noko dei kan ha nytte av seinare i livet, og som styrkar sjølvkjensla, meistringsbilete og trua på eiga evne.

4.2.0 Meistring på tunet

Her vil eg drøfte tema som er diskutert ovanfor i lys av teori.

Innleiingsvis skreiv eg at eg vil fokusere på ungdom som står i fare for å droppe ut av skulen. Det kan vere mange grunnar til at elevar droppar ut, både at dei ikkje vil gå på skulen og manglar motivasjon av diverse årsaker, eller at dei rett og slett ikkje klarar. Uansett treng dei eit tilbod. Som eg nemnde i teoridelen er det mange av dei som stryk, som stryk i *eitt* fag, eller manglar karakter i *eitt* fag grunna høgt fråvær. Eg vel å sjå vekk i frå den patogene tilnærminga om kvifor dei ikkje meistrar skulen, og heller sjå etter ressursane som kan bidra til at dei klarar å gjennomføre (Antonovsky, 1987). Eg vil altså ikkje sjå på kvifor elevane droppa ut av skulen, men fokusere på kva dei gjer på garden som kan føre til meistring, og gi elevane betra sjølvkjensle, noko som kanskje kan vere med på å styrke motivasjon og trua på seg sjølv til å fullføre.

Eg vil anta at det å komme seg igjennom vidaregåande skule vil gje oppleving av meistring i seg sjølv, og vil truleg gje større håp for framtida, og betre høve på arbeidsmarknaden. Det handlar om å skape dei gode sirklane.

Ungdom som har fullført grunnskulen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring (Opplæringslova § 3-1 1998). Når ein slik rett føreligg, må det også kunne leggest til rette individuelt for dei elevane som treng det. Opplæringa skal tilpassast evne og føresetnadane hjå den enkelte elven, lærlingen og lære kandidaten (Opplæringslova § 1-3 1998).

For at elevane skal erfare at dei kan noko, må dei få oppgåver som harmonerer med deira moglegheiter (Grøholt, Sommerschild og Garløv, 2008). Halvorsen (2006) seier at for store utfordringar vil gi ungdommen nye tapsopplevingar. Som nemnd i tolkingsdelen over, vert faren for at elevane skal oppleve tap forsøkt unngått av bonden ved å legge lista etter kvar enkelt brukar, og ved å snakke om oppgåvene i forkant, og bygge opp tryggleik rundt dei saman. Dersom eleven likevel skulle gjere noko feil, vert det ikkje straffa, men sett på som praktisk læring, og vil dermed truleg kunne opplevast som eit mindre nederlag.

Kompetanse legg grunnlag for individet si oppfatting av eigeverd og sjølvbilete (Grøholt, Sommerschild og Garløv, 2008). På garden kan dei truleg kunne få moglegheit til å auke ferdigheiter, både kognitivt i arbeidet med til dømes planting og fôring av dyra, motorisk i utøvinga av diverse aktivitetar og sosialt i form av utvikling av empati og omsorg i arbeidet

med dyra. Samarbeidet med bonden, og det å ha eit ansvar for å møte opp for at dyra skal få mat og stell vil truleg og kunne bidra til auka sosial kompetanse.

4.2.1 Varierte tilbod

Tilbod til eksempelvis ATV på garden vil kunne gi utløp for behovet for fart og spenning som mange unge kan ha, men under trygge omgjevnader overvaka av gardsbrukaren. Halvorsen (2006) siterer Marvin Zuckerman (1994) som seier at ein del personar har ein trong til å oppleve spenning, og at vist dei ikkje får tilgang til lovlige spennande aktivitetar kan dei søkje mot ulovlige aktivitetar som eksempelvis ran og vald.

Ei anna side av Inn på tunet er at dei som er på garden ofte må vere i rørsle. Dei må arbeide, og då slit dei ut kroppen. For mange av dei som har mykje energi i seg, kan det truleg vere vanskeleg å sitje i ro ein heil skuledag. Når dei kjem på garden kan dei få utløp for den energien i form av fysisk arbeid. Her kjem verdien av å bruke kroppen inn. Dei kan få kjenne på det å vere sliten, og den positive helseeffekten som følgjer med det å bruke kroppen. Å fryse litt og slite litt vert antatt å gje dei unge ein styrke som dei vil ha nytte av på andre livsområder (Halvorsen, 2006). Gunstege verknader av fysisk aktivitet er dokumentert (http://www.tidsskriftet.no/index.php?vp_SEKS_ID=198276). Når eit såpass enkelt og tilgjengeleg tiltak er effektivt i behandling og førebygging av psykiske lidningar, kan det vere viktig for folkehelsa (Ibid.). I ein studie frå USA, vert det slått fast at om lag halvparten av befolkninga ein gong i livet vil få ei psykisk lidning, og endå fleire vil få stressreaksjonar og psykiske vanskar som ikkje kvalifiserar til nokon diagnose (Ibid.). Psykiske plagar fører med seg lidingar både for den som rammast og dei næraste rundt. I tillegg kjem sosial isolasjon og redusert funksjon i skule og arbeid, ettersom psykiske lidingar er ein vanleg årsak til sjukemelding og arbeidsuføre (Ibid.). Sidan psykiske lidingar er såpass vanleg, og fysisk aktivitet vert antatt å vere med på å førebygge, vil ein truleg kunne sei at det fysiske arbeidet på garden vil kunne bidra til førebygging av psykiske lidingar. Mange opplever psykologiske verknader ved å vere i fysisk aktivitet som auka velvere og betre søvn, og nokon opplever at dei tenker meir kreativt og problemløysande under fysisk aktivitet (Ibid.). Ein vil kunne tenke seg at ein elev etter ein dag på garden er sliten, og har mindre behov for å få utløp for energi på negative måtar som å vere uroleg eller utagerande. Ein vil og kunne tru at eleven opplever å sove betre om natta når han har arbeida på garden.

Ansvar for elevane på garden kan truleg bety mykje for dei. Å vere til nytte, å få og ta ansvar, og utfolde nestekjærleik gir rik næring til eigenverdkjensla (Grøholt, Sommerschild og Garløv, 2008). Det at ein kan trekke arbeid inn i tiltaket, som nemnd tidlegare, vil ein kunne tenke seg er viktig fordi eleven kjenner at han er til nytte både for bonden og dyra, og at dei treng han. Det praktiske arbeidet på garden kan gjere til at elevane opplever at dei klarar noko, og kanskje kan det vere med på å gje dei lyst og motivasjon til å prøve å fullføre skulen. At tiltaket også kan vere ein måte å trene seg på å vere i arbeid (Inn på tunets handlingsplan) kan vere positivt. Alle treng ikkje bli noko stort, og då kan det vere fint at eleven berre får trenast seg på det å vere på jobb. Bonden vert arbeidsgjevar, og eleven har plikter som må utførast, og han må også møte opp til avtalt tid. Ei slik praktisk trening i å vere i arbeid kan truleg antakast å vere viktig for dei som kanskje ikkje har så høge ambisjonar eller godt utgangspunkt for høgare utdanning eller avanserte jobbar.

Sett i eit langsiktig perspektiv vil og det at eleven får tilrettelegging og hjelp til å komme seg igjennom vidaregåande skule, vere billegare for samfunnet enn at han droppar ut og ikkje har noko å gjere. Hadde ikkje ungdommane fått moglegheit til å skaffe seg vidaregåande ville dei belasta samfunnet med store summer nokon år fram i tid

(www.vfb.no/xp/pub/venstre/rod/tema/skoledrop_outs/240106).

Når ein elev seier han ikkje får til noko, kan det tenkast at det for nokon kanskje går litt på trua og viljen til å prøve. Når det er meining og samanheng (Antonovsky, 1987) i det ein gjere er det lettare å forstå kvifor ein gjer det. Arbeidet på garden vil for enkelte brukarar truleg kunne gi større meining enn arbeidet på skulen. I arbeidet på garden kan elevane også kunne få andre knaggar å henge teoristoff på. Når dei så ser at dei får til noko på garden, vil dei kanskje kunne få meir motivasjon til å prøve på skulen også.

4.2.2 Effekten av samvær med dyr

Halvorsen (2006) argumenterar for og mot det å halde dyr på institusjonar. På ein institusjon vil argumenta mot å halde dyr vere allergi og hygiene, og ikkje minst praktiske ting som pass av dyra i feriar. Desse ulempene som vil oppstå på ein institusjon er ivaretatt i eit Inn på tunet tiltak, ettersom bonden uansett driv garden, og elevar med allergi kan få andre tilbod. Dei positive sidene som Halvorsen (Ibid.) trekk fram derimot, vil og vere gjeldane i Inn på tunet. Han seier at mange miljøarbeidarar kan fortelje om det verdifulle i å la barn og unge oppleve kontakt med dyr. I mange tilfeller bidreg det å omgåast dyr til utvikling av sensitivitet og

empati hos dei unge (Ibid.). Vidare seier han at der det praktisk ligg til rette for det, er det all grunn til å ha dyr som ein del av tilbodet.

Ein vil ofte kunne lese eller høyre dei gode historiene der dyr har forandra livet til personar, i alle aldrar og med mange forskjellige diagnosar. Personar med demens, angst og sosiale problem, og autisme står ofte fram i diverse media og fortel om korleis alt endra seg etter at dyret kom inn i livet deira. Sjølv om dette ikkje er vitskapelege dokument er det likevel med på å forsterke argumenta for at dyr har stor effekt og mange bruksområde.

Levinson (1969) var ein av dei første som skildra at emosjonelt forstyrra barn som opplevde vanskelege forhold til menneskjer, relaterte lettare og raskare til dyr (Bokkers, 2005). Han antok at hovudgrunnen til det var dyras evne til å tilby ikkje-truande, ikkje-dømmande og utinga kjærleik. Eit dyr vil også kunne fungere som isbrytar (Ibid.). For nokon som har problem med å snakke med fremmande vil dyret kunne verke kontaktskapande og bli eit enkelt samtaleemne som tar fokuset vekk frå personlege ting, og ting som kanskje kan vere vanskeleg å snakke om. Dyra kan altså tenkast å vere eit bindeledd for å komme i kontakt med elevane, og eit ufarleg samtaleemne. For elevar som har vore utsett for mobbing, eller har ein skade eller ein diagnose som kan vere belastande i form av utsjånad, vil kanskje den ikkje- dømmande åtferda til dyra gjere at dei føler seg akseptert. Eit dyr bryr seg verken om utsjånad, karakterar, korleis fortida di er, eller om du har eit talent. Så lenge dei vert handsama bra, gjev dei utinga kjærleik att.

Dyr har ein spesiell evne til truskap og lojalitet, og gjev raskt og spontant svar på den åtferda vi visar, utan å fyrst vurdere oss kritisk slik som medmenneskjer ofte gjer (Bjerke og Svebak, 2001). Denne tryggleiken kan vere ein av grunnane til at mange menneskjer er glade i dyr (Ibid.)

Bente Berget skriv i si doktorgrad (2006) om ei undersøking ho gjorde med 90 pasientar, hovudsakeleg med stemningslidingar, der 60 av dei var på gard i tillegg til den vanlege behandlinga. Dei resterande 30 var kontrollgruppe. Studien viste at pasientane auka intensitet og nøyaktigheit i arbeidet på garden i løpet av perioden. Det var forskjell på gruppa som var på gard og kontrollgruppa i form av lågare angst, betre tru på eiga meistringsevne og stressmeistring hos dei som hadde vore på gard, seks månader etter avslutta intervensjon. Både helsepersonell og gardsbrukarar trudde at terapi med husdyr i stor grad kunne bidra positivt som eit supplement til vanleg terapi, og resultata indikerar at det har vore nyttig, spesielt for pasientar med stemningslidingar (Berget, 2006). Dette kan vere med på å forsterke

påstanden om at Inn på tunet kan fungere som eit godt tiltak, spesielt når det er som eit tillegg til andre tiltak.

Trass i mange gode erfaringar må ein hugse på at det er dyr det er snakk om, og at ein truleg ikkje bør nytte kva som helst slags individ. Bookers (2005) påpeikar at det kan vere ein viss risiko i samhandling med dyr, spesielt med gardsdyr. Informanten min har krav til alle dyra sine om at dei skal ha godt lynne. Eit dyr som ikkje kan oppføre seg har ingenting der å gjere. Kravet gjeld både kjæledyr og produksjonsdyr. Dyr som ikkje oppfører seg vert omplassert, selde eller slakta. Det må kunne vere tryggleik, og dyra må kunne takle situasjonar som kan oppstå. Når til dømes ein brukar held ein hest godt rund halsen og kosar, kan ikkje hesten vere skvetten.

Nærleiken til dyr kan ha ein terapeutisk verknad, og der det er ikkje er terapi i eigentleg forstand kan det vere tiltak om har terapeutisk effekt (Inn på tunets handlingsplan). Mange slappar betre av saman med dyr. I den britiske dokumentaren ”Hundens hemmelige liv” (vist på Norsk Rikskringkasting 3, den 05.01.2011) blir det påstått at menneske og hund kan ha eit tettare band enn ein har visst tidligare. I dokumentaren vert det tatt blodprøver av hund og eigar, før og etter at eigaren hadde kost med hunden. Blodprøva vart tatt etter eit og tre minutt, og ein kunne sjå at oksytosinet toppa seg både hos hund og eigar. Oksitosin har ein kraftig fysiologisk verknad. Det senkar hjerterytmen og blodtrykket, noko som fører til eit lågare stressnivå, samtidig som kroppens lykkehormon aukar. Dermed vil eleven kunne verte fysisk rolegare i kontakten med dyra.

5.0 Avslutning

Eg har i denne oppgåva drøfta korleis Inn på tunet og bruk av dyr kan vere positivt for at ungdom som står i fare for å droppe ut av skulen skal kunne oppleve meistring. Gjennom Inn på tunet er målet at eleven skal bli kjend med ei meistringskjensle som han kanskje ikkje kjenner frå før. Gjennom Inn på tunet får truleg enkelte elevar auka sjølvtilitt og trua på seg sjølv, noko som er viktig for meistring. Det å tru at ein får til noko, og sjå at ein greier det, blir viktig. Samværet med, og stell av dyr vil truleg også kunne ha positiv verknad både fysisk og psykisk. Den fysiske aktiviteten som høyrer med i arbeidet på garden vil også kunne tenkast å gje helsegevinst.

Dersom Inn på tunet kan bidra til å gje eleven meistringsopplevingar, auka sjølvtilitt og tru på eige evne, vil det truleg for nokon kunne bidra til å styrke motivasjonen til å komme seg gjennom skulen. For elevar som slit fagleg vil sannsynlegvis anna tilrettelegging også vere nødvendig, men Inn på tunet kan kanskje fungere godt som eit tillegg.

Inn på tunet handlar i denne oppgåva også om å skape eit tilbod til dei som fell utanfor skulesystemet og finne ressursane i dei staden for å skyve dei vekk. Sjølv om Inn på tunet kan vere ein arena for læring og meistring, vil det også kunne virke som at det kan fungere som motivasjon og løn for å halde ut resten av skuleveka. Ikkje minst kan det å ha med seg gode opplevingar i oppveksten vere ein verdi i seg sjølv.

Eg har i denne oppgåva diskutert korleis Inn på tunet kan bidra til meistring. Det er framleis lite forskning på temaet, og ytterligare forskning bør nok gjerast. Vidare kan ein og kanskje sjå nærare på korleis tiltaket kan gjerast enda betre. Burde det vere tilbod om ytterlegare kompetanseheving for tilbydarane gjennom kurs om miljøarbeid, meistring, og kunnskap om ulike målgrupper? Korleis kan ein auke aksepten for Inn på tunet som eit tiltak, og korleis bør rolla til kommunen vere med tanke på økonomi og tryggleiken for tilbydarar? Desse spørsmåla er kanskje noko ein kan sjå vidare på for å auke kvaliteten i tilbodet.

Litteratur

Antonovsky, Aaron. [1987]. (2000). *Helbredets mysterium. At tåle stress og forblive rask.* (Oversett til dansk av Amnon Lev). København: Hans Reitzels Forlag.

Berget, Bente. (2006). Dyreassistert terapi: *Effekter av arbeid med husdyr for mennesker med psykiske lidelser.* Akademisk avhandling doktorgrad. Universitetet for miljø og biovitenskap, Ås.

Bjerke, Tore., og Svebak, Sven. (2001). *Psykologi for høgskolen.* Oslo: Gyldendal.

Bunkholdt, Vigdis. (2. utgave 2000, 2. opplag 2003). *Utviklingspsykologi.* Otta: Universitetsforlaget.

Bunkholdt, Vigdis., og Sandebæk, Mona. (5. utgave 2008). *Praktisk barnevernsarbeid.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Dalland, Olav. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter.* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Garløv, Ida., Grøholt, Berit., og Sommerschild, Hilchen. (4. utgave 2008). *Lærebok i barnepsykiatri.* Oslo: Universitetsforlaget.

Gjærum, Bente., Grøholt, Berit., og Sommerschild, Hilchen (Red.). (1998. 4. opplag 2003). *Mestring som mulighet i møte med barn, ungdom og foreldre.* Aurskog: Universitetsforlaget.

Halvorsen, Terje. (2. utgave 2006). *Miljøarbeid – teori og praksis.* Bergen: Fagbokforlaget.

Jacobsen, Dag Ingvar. (2003). *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i samfunnsvitenskapelig metode for helse- og sosialfagene.* Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.

Internetsider

Bookers, Eddie A.M. (2006). *Effects of interactions between humans and domesticated animals*. Henta 10.01.2011

http://library.wur.nl/frontis/farming_for_health/03_bokkers.pdf

Dijk, Majken Van., og Hassink, Jan. (2006). *Farming for health across Europe*. Henta 10.01.2011

http://library.wur.nl/frontis/farming_for_health/22_hassink.pdf

Forskning.no (08.08.2004). *Måling av mestring*. Henta frå Forsking.no 15.02.2011

<http://www.forskning.no/artikler/2004/september/1094562156.6>

Helsedirektoratet (05.01.2009). *Risiko og påvirkingsfaktorer 2.3 Frafall ivideregående skole*. Henta 24.02.2011 frå Helsedirektoratet

http://www.helsedirektoratet.no/psykisk/indikatorer_psykisk/risikofaktorer/2_3_frafall_i_videreg_ende_skole_304514

Inn på tunet. *Hva er Inn på tunet*. Henta 14.02.2011 frå Inn på tunet sine heimesider

<http://www.innpaatunet.no/default.asp?WCI=ViewNews&WCE=2420&DGI=231&Head=1>

Kunnskapsdepartementet. (06.01.2010). *Frafall frå videregåamde opplæring og arbeidsmarkedstilknytning for unge vaksne*. Henta 24.02.2011 frå Regjeringen, Kunnskapsdepartementet

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/rapporter_planer/rapporter/2010/frafall-fra-videregaende-opplaring-og-ar.html?id=589824

Kunnskapsdepartementet. (23.08.10). *Ny GIV: Tiltak for bedre gjennomføring i videregående opplæring*. Henta 24.02.2011 frå Regjeringen, Kunnskapsdepartementet

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/videregaende-opplaring/nyheter-videregaende---redaksjonelle-art/ny-giv-tiltak-for-bedre-gjennomforing-i-.html?id=612780>

Landbruks- og matdepartementet (September 2007). *Handlingsplan for Inn på tunet*. Henta 16.02.2011 frå Inn på tunet sine heimesider
<http://www.innpaattunet.no/default.asp?WCI=ViewNews&WCE=5075&DGI=741&Head=1>

Markussen, Eifred (Januar 2007). Voksne for barn Nr 01/07. *Bortvalg av videregående opplæring*. Henta 07.07.2011 frå Voksne for barn
http://www.vfb.no/xp/pub/venstre/rod/tema/skoledrop_outs/240106

Martinsen, E W. (20.10.2000). Tidsskrift for Den norske legeforening Nr.25. *Fysisk aktivitet for sinnets helse*. Henta frå Tidsskriftet.no
http://www.tidsskriftet.no/index.php?vp_SEKS_ID=198276

Opplæringslova. (1998). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17 juli 1998 nr 61*. Henta 28.02.2011, frå Lovdata
<http://www.lovdato.no/all/hl-19980717-061.html>

Sandvig, Jenny., og Tessem, Liv Berit. (28.03.2008). *Store frafall på videregående*. Henta 24.02.2011 <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article2332472.ece>

Statistisk sentralbyrå. (2009). *Utdanning*. Henta 24.02.2011 frå Statistisk sentralbyrå
http://www.ssb.no/utdanning_tema/

Anna

Hundens hemmelige liv Britisk dokumentar sendt på Norsk Rikskringkasting 3 (NRK 3) 05.01.2011.